# F13: Doble støtta til Noradapt

**Framleggsstillar**: Sogndal SV

**Innstilling fylkesstyret:** Avvisast. Har vore til handsaming i Landsstyret.

Dei seinare åra har det vore meir ekstremvær, også i Noreg, og både tørke, flaumar, ras og skred har store kostnader for einskildpersonar og for samfunnet.

Årsmøtet i Vestland SV vil at løyvinga til Noradapt, nasjonalt senter for berekraftig klimatilpassing etablert 1 januar 2019, vert dobla. Ei styrking av Noradapt vil gje meir forsking, formidling og kursing i kommunane, og vil gjere samfunnet betre i stand til å klimatilpasse Noreg, samstundes om vi jobbar med klimakutt. Noradapt får midlar på kap 287, post 57 på KD sitt budsjett, grunnløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt.